

Kommunal planstrategi for 2024 - 2027

og

Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 - 2035

Hyllestad kommune

Vedteke i Kommunestyret 07/11/2024



Bilete frå konserten under Sommargry 2024 – eit av fleire arrangement som skapte liv og røre i bygda den 2. helga i juni

Innhold

Innleiing	3
Kommunal planstrategi Hyllestad kommune 2024-2027	3
Nasjonale forventningar	4
Regionale forventningar og kunnskapsgrunnlag for Vestland	4
Utfordringar for fylket og regionane	4
Planstrategi og planprosessar – behov for forenkling.....	5
Politiske verkstader og samskaping	6
Kunnskapsgrunnlag - Hyllestad sin situasjon og utviklingstrekk	7
Planstrategi for 2021-2023.....	7
Folketalsutvikling og demografi	8
Oppvekst og levekår	9
Næringsliv og sysselsetting	12
Natur, miljø, klima og samfunnstryggleik.....	13
Vurdering av planbehovet	13
Kommuneplanen sin samfunnsdel	13
Kommuneplanen sin arealdel.....	13
Kommunedelplanar	14
Temaplanar	14
Prioritering av planoppgåver 2024 – 2027	16
Planprogram for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel	17
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 - 2035.....	17
Føremål med planarbeidet	17
Framdriftsplan, prosess og medverknad	20
Føringar for arbeidet.....	21

Innleiing

Kommunal planstrategi Hyllestad kommune 2024-2027

Planstrategien er ei politisk prioritering av planbehovet i kommunestyreperioden, og skal utarbeidast innan eitt år etter konstituering av nytt kommunestyre. Føremålet er at kommunestyret tidleg tar stilling til kva planer som må reviderast og ressursbruk til planarbeidet. I planstrategien skal kommunestyret også ta stilling til om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis, eller om den skal vidareførast slik den er.

Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunens strategiske val for den ynskja samfunnsutviklinga. Planstrategien omfattar politisk vedtekne planar og strategiar. Den inkluderer t.d. ikkje fagplanar.

Folkehelselova er saman med Plan- og bygningsloven viktige verktøy for integrering av folkehelse i planlegging. Ei drøfting av kommunen sine folkehelseutfordringar inngår i planstrategien og det vert utarbeida ei folkehelseoversikt som ein del av kunnskapsgrunnlaget til planstrategien. Denne skal også inngå som faktagrunnlag for alt planarbeid i kommunen.

Hyllestad kommune sin samfunnsdel vart vedteken i 2018 og har ikkje blitt revidert sidan då. Arealdelen har vore under arbeid sidan 2019 og skal på 2. gongs høyring i haust. Vonleg kan den handsamast og vedtakast våren 2025. Likevel vert overlapp mellom areal- og samfunnsdelen tatt omsyn til, då arbeidet med samfunnsdelen legg eit viktig grunnlag for val og prioriteringar inn mot arealdelen.

Gjennomgang, opprydding og oppdatering av eldre reguleringsplanar vert gjennomført i arbeidet med arealdelen i kommuneplanprosessen. Det er eit lovkrav at kommunen skal gå gjennom dei eldre planane, og vurdere om innhaldet er i samsvar med nasjonale og regionale interesser. Ein slik gjennomgang har ikkje krav om ein ordinær prosess etter § 12-14 – det er tilstrekkeleg om kommunen gjer ei overordna vurdering av planane som skal vidareførast med omsynssone 910.

Planlegging er ressurskrevjande og i ein liten kommune avgrensar det seg kor djupt ein kan gå i planarbeid. Det er viktig å gjere gode prioriteringar slik at vi bruker kapasiteten til fullføre planar som alt er vedtekne, er lovpålagde eller som er strategisk viktige for å oppnå den samfunnsutviklinga vi ønskjer i Hyllestad. Planstrategien føreslår difor berre heilt nødvendige og avgrensa revideringar av gjeldande planer, samstundes som den også synleggjer temaplanar vi må arbeide med.

Gjennom politkarverkstader i mai og juni 2024 har ein signalisert at samfunnsdelen bør reviderast og at planstrategi og planprogram for revisjon av samfunnsdelen vert slått saman. Denne konklusjonen baserer seg på råd om kommunal planlegging i KS sin FOU [«Ny agenda for kommeplanens samfunnsdel»](#) datert 12.09.22.

Rapporten peikar m.a. på at samfunnsdelen skal trekke opp dei lange linjene og gje føringar for økonomiplanen i valperioden som reflekterer det nye kommunestyret sin politikk. Plan og bygningslova set krav til prosessane både for planstrategien og planprogrammet for samfunnsdelen. Rapporten slår fast at «tidkrevjande» prosessar krev forenkling og tilrår derfor at kommunal planstrategi og planprogrammet vert slått saman. Prosessreglane for planprogrammet skal då følgjast.

Nasjonale forventningar

Regjeringa skal kvart fjerde år leggje fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging for å fremje ei berekraftig utvikling i heile landet. Det går fram av plan- og bygningslova § 6-1. Dei nasjonale forventningane skal følgjast opp i arbeidet med planstrategiar og planar i fylkeskommunane og kommunane og ligg til grunn for dei statlege myndigheitene sin medverknad i planlegginga. Regjeringa styrkjer det lokale sjølvstyret i planlegginga. Det betyr at fylkeskommunane og kommunane får auka ansvar for å sikre nasjonale og viktige regionale interesser. Regjeringa ynskjer at regional og lokal samfunns- og arealplanlegging skal vere basert på open dialog mellom alle partar, der også staten deltek.

Nasjonale forventningar for 2023-2027 peikar særleg på følgjande;

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida
5. Samfunnstryggleik og beredskap

FNs 17 berekraftsmål skal vere det politiske hovudsporet for å ta tak i dei største utfordringane. Måla skal vere ein del av grunnlaget for samfunns- og arealplanlegginga, og leggast til grunn for planarbeidet.

Regionale forventningar og kunnskapsgrunnlag for Vestland


Vestland fylkeskommune har utarbeidd [høyringsframlegg til Utviklingsplan for Vestland 2024-2028](#).

I denne finn vi framlegg til nye regionale planar, og planar som vert heilt eller delvis erstatta. Fylkeskommunen skal vedta utviklingsplanen i desember 2024, så det er difor ikkje mogeleg å legge den vedtekne utviklingsplanen til grunn, men vi brukar høyringsutkastet og grunnlagsmaterialet, i arbeidet med planstrategien for Hyllestad kommune.

- [Utfordringsrapport for Utviklingsplan for Vestland 2024-28, samandrag\(Storymap\)](#)
- [Utfordringsrapport for Utviklingsplan for Vestland 2024-28, fullversjon \(PDF\)](#)
- [Folkehelseoversikt for Vestland 2023-27 \(Storymap\)](#)
- [Scenario Vestland 2040, framtidstendar \(Storymap\)](#)
- [Scenario Vestland 2040, fullversjon \(PP\)](#)


Utfordringar for fylket og regionane

Vestland sine seks breie utfordringsområde er vist i figuren under. Dei fleste av utfordringane er komplekse og overordna og må jobbast med over fleire politiske periodar.



Planstrategi og planprosessar – behov for forenkling

Kommuneplanen består på den eine sida av ein samfunnsdel med handlingsplan, og på den andre sida ein arealdel (overordna arealplan og reguleringsplan). Planhierarkiet, og samhandlinga mellom dei ulike delane er vist i skissa under:




Plan og bygningslova seier i § 10 at kommunal planstrategi skal vedtakast eit år etter kommunestyret si konstituering. Planstrategien skal gi oversikt over kommunen sin situasjon og utfordringar og på bakgrunn av dette sei om kommuneplanen skal reviderast heilt eller delvis. I tillegg kan den omfatte ei prioritering av andre planoppgåver i kommunestyreperioden.

Interne planar vert halde utanfor planstrategien, medan vi har lista opp temaplanar som bør utarbeidast. Det er ikkje eit krav om at temaplanar skal vere med i planstrategien, men vi har tatt dei med fordi det gir ein oversikt over planar som skal arbeidast med i ein liten kommune med avgrensa ressursar til planarbeid. Erfaring tilseier at det kan bli krevjande å få gjennomført alt planarbeidet slik planstrategien legg opp til. Dette gjeld spesielt kommuneplanen sin arealdel, men også andre planar, og då spesielt planar som krev konsekvensutgreiingar.

I prosessen med å utarbeide planstrategien har det blitt gitt signal om at kommunestyret ønskjer å handsame prioritering av planoppgåver som del av planstrategien. Kommunestyret har også gitt signal om at ein ønskjer ein delvis revisjon av samfunnsdelen. Kommunedirektøren vel derfor å tilrå revisjon av samfunnsdelen. Etter råd om forenkling i KS sin FOU «Ny agenda for kommuneplanens samfunnsdel». Prosessreglane vert å følgje i tråd med PBL § 4-1 for samfunnsdelen sitt planprogram.


Figuren nedanfor er henta frå Asplan Viak og syner framdrifta i ein forenkla planprosess:



Politiske verkstader og samskaping

Det har blitt gjennomført to politiske verkstader der administrasjonen har gått igjennom samfunnsdelen og freista gi ei framstillinga av Hyllestad kommune sin situasjon sett i lys av denne. På bakgrunn av kunnskapsgrunnlaget og signal frå verkstadane er planstrategi, inkludert planprogram for samfunnsdelen, utarbeidd. Dokumentet skal godkjennast politisk og leggjast ut på høyring i 6 veker.

I denne fasen er det dei folkevalde som har medverka i eit samspel med administrasjonen, der administrasjonen har bidrege med å gi eit kunnskapsgrunnlag. I neste fase legg ein opp til medverknad innafor gitte rammer (planprogrammet), der målet er å vedta ein revidert samfunnsdel i juni 2025. Modellen nedanfor syner strategiske planprosessar inspirert av samskaping:



Kunnskapsgrunnlag - Hyllestad sin situasjon og utviklingstrekk

Planstrategi for 2021-2023

Prioriterte tema i samfunnsplanen for 2018 – 2030 er:

- 4.1.1 Sentrumsutvikling/tettstaddanning
- 4.1.2 Bustadbygging
- 4.1.3 Natur, miljø og folkehelse
- 4.1.4 Kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
- 4.1.5 Klima, risiko og sårbarheit
- 4.1.6 Infrastruktur
- 4.1.7 Verdiskaping

I planstrategien for 2021-2023 så vart det trekt fram at samfunnsdelen peikar på følgjande som hovudutfordringar for kommunen fram mot 2030:

- Folketalsutviklinga. Nedgangen i folketalet i seg sjølv skapar problem fordi den er avgjerande for kommuneøkonomien og dei tenestene kommunen kan levere. Men demografien med fleire eldre og færre unge/unge vaksne skapar i tillegg utfordringar i forhold til rekruttering til organisasjonar og næringsliv og svekkar berekrafta i kommunen.

- Bustadattraktivitet. Kommunen har svak bustadattraktivitet som viser seg i negativ netto innanlandsk flytting og at kommunen er ein netto innpendlingskommune.
- Infrastruktur/vegstandar. Vegstandarden aukar unødige avstandane mellom folk og tenester og gjev svakare konkurransekraft for næringslivet.
- Kvinneunderskot. Dette kan ha sin årsak i type næringsliv, arbeidsplassar, men og i manglande urbane kvalitetar som kvinner søkjer til i større grad enn menn. Kvinner er og meir opptatt av infrastruktur som gjer kvardagsorganiseringa enklare.
- Mangel på eit sentrum og tettstaddanning. Hyllestad er den einaste kommunen i fylket utan eit område som er så tett busett at det kjem innanfor SSB sin definisjon av ein tettstad. Ut frå trendar i flyttemønster og bustadmønster kan dette være ein viktig faktor som gjev lågare bustadattraktivitet og færre tilbod med urbane kvalitetar.

Planstrategien vurderte at samfunnsdelen var relativt ny og at det ikkje var endringar i utfordringar eller overordna målsettingar som tilsa at det var naudsynt med revidering av samfunnsdelen i førre valperiode.

Korleis har dette utvikla seg dei siste åra? Korleis har samfunnsutviklinga vore det siste tiåret? Kva trendar kan vi sjå? Er det større behov for å revidere samfunnsplanen i dag enn i 2021?

Folketalsutvikling og demografi

For ti år sidan i 2014 så hadde vi 1405 innbyggjarar i Hyllestad, 311 av dei var under 20 år. Det utgjorde 22,3 % av folketalet. Ved inngangen til 2024 så har vi 1268 innbyggjarar og 211 av dei er under 20 år. Det er ein nedgang med 100 personar, og barn og unge utgjør no berre 16,5 % av folketalet i kommunen.

I 2014 så hadde vi 307 eldre over 67 år. I 2024 er talet 336. Det er ein auke på 29, noko som ikkje kan seiast å vere veldig mange fleire. Ser vi på talet eldre over 90 år, så har det faktisk gått ned. Totalen for dei fem første åra i perioden og dei 5 siste, syner at det var 97 personar over 90 dei 5 første åra og 69 dei siste 5 åra. Det er ein nedgang på 29 % eldre over 90 år frå første halvdel til andre halvdel. Statistikken tyder på at det er færre som blir over 90 år til tross for at det blir fleire eldre. Dette er interessant og bør studerast nærare. Kva er forklaringane? I same periode auka talet personar over 80 år frå første halvdel med 332 til 440 i andre halvdel. Grunnlaget for at det skal bli fleire over 90 har m.a.o. auka (med 32 %) men likevel har vi hatt ein klar nedgang i tal eldre over 90.

Det er fleire som dør, enn det blir fødd. Tala for dei 5 første åra syner 52 fødslar i Hyllestad, og 34 dei 5 siste. Det er ein nedgang på 18 barn noko som utgjør 34,6 %. I same periode var det høvesvis 73 og 76 som døde. Det gir eit fødselsunderskot med -21 i første del av perioden og -42 i andre del.

Netto innvandring i same periode syner høvesvis -28 og -56. Endring i folketalet samla sett syner ein nedgang høvesvis med -50 og -98

Oppsummert så gir det dette resultatet:

- Nedgang frå 1405 til 1268, dvs. vi har blitt 137 personar færre
- Nedgangen har vore kraftigare dei 5 siste åra, enn dei 5 første
- Det er fødselsunderskot med -6,3 i snitt, underskotet er større i siste 5 år
- Talet eldre over 67 år har stige frå 307 til 336
- Talet yngre under 20 år har gått ned frå 311 til 211
- Talet eldre over 90 år har gått ned frå første fem år til siste fem år

- Demografien har blitt skeivare, berekraftsbrøken har gått ned frå 2,1 til 1,8

Oppvekst og levekår

A. Kunnskapsgrunnlag og analyse

Kunnskapsgrunnlaget byggjer på data frå Folkehelseinstituttet sin folkehelsprofil og oppvekstbarometer. Ein har også støtta seg på UngData undersøkinga og elevundersøkingar. Det blir også vist til NORCE og KS sin rapport/analyse av unge i NEET -kategorien (Unge som står utanfor utdanning, arbeid eller arbeidstrening). Dataane er analysert og vurdert i høve kunnskap om lokal tilhøve og historiske data/tidlegare samanliknbare undersøkingar.

Anbefalinga frå Folkehelseinstituttet er å legge relativ stor vekt på lokal kunnskap for å gje eit supplerande, kvalifisert bilete av realitetsbiletet. Det smale datagrunnlaget vil i nokre høve vere sperra for offentleg innsyn av omsyn til personvernet.

B. Folkehelseprofil

Dei fem tema i profilane er befolkning, oppvekst og levekår, miljø-skade –ulukke, helselatert åtferd og helsetilstand. Vektinga av tema og tilhøyrande indikatorar er ulike år for år. For eksempel er det 2 indikatorar i 2022 profilen som gjeld befolkning, medan det i 2024 er 6 indikatorar.

Utfyllande informasjon om indikatorane som er brukt finn ein i Kommunehelsa statistikkbank,

www.khs.fhi.no

www.fhi.no/folkehelseprofiler

«Demografifloken»

Hyllestad har ein negativ befolkningsvekst på 0,31 i 2024, og har sunke til -1,7 i 2024.

Pr. 31. desember 2023 hadde vi i Hyllestad 39 barn i barnehagen og 114 elevar i grunnskulen. Det er ein relativ stabil nedgang i barnetalet, som vist til i tabellen under:

TAL BARN 0-17 ÅR

Kjelde: SSB

2020	2021	2022	2023
214	201	195	187

Vi finn at andelen over 45 år som bur åleine (2023) var 27,9 %, medan andelen >75 år som bur åleine (2024) 43,6%, noko som indikerer noko om behov for velferdstenester framover. Framskrivinga av andelen 80 år+ aukar med 3,2% frå 2040-2050. I dag er andelen over 80 år på 8,3%.

Oppvekstbarometeret

Oppvektprofilen som er utarbeidd viser nokre av styrkane og utfordringane til kommunen. Vi er signifikant forskjellige frå landsnivået når det gjeld del barn 0-17 år, jamfør førre tabell. På andre område skil vi oss ikkje signifikant frå landsnivået.

Oppvektbarometer for kommunen

I oversikta nedanfor blir nokre nøkkeltal for kommunen og fylket samanlikna med landstal. I figuren og talkolonane er det teke omsyn til at befolkninga i kommunar og fylke kan ha ein annan alders- og kjønnsamansetnad enn landet. Klikk på indikatornamna nedanfor for å sjå utvikling over tid i kommunen. I [Kommunehelsa statistikkbank](#) finst det fleire indikatorar og utfyllande informasjon om kvar enkelt indikator.

Ver merksam på at også «grøne» verdiar kan innebere ei viktig utfordring for kommunen, for landsnivået representerer ikkje alltid eit ønska nivå. Verdiområdet for dei ti beste kommunane i landet kan vere eit nivå å strekke seg etter.

- Kommunen ligg signifikant betre an enn landsnivået
- Kommunen ligg signifikant dårlegare an enn landsnivået
- Kommunen er ikkje signifikant forskjellig frå landsnivået
- Kommunen er signifikant forskjellig frå landsnivået
- Ikkje testa for statistisk signifikans
- ◆ Verdien for fylket (ikkje testa for statistisk signifikans)
- | Verdien for landet
- ▬ Variasjonen mellom kommunane i fylket
- ▬ Dei ti beste kommunane i landet

Tema	Indikator (klikkbare indikatornamn)	Kommune	Fylke	Noreg	Eining (*)	Oppvektbarometer for Hyllestad
Befolkning	1 Andel barn, 0-17 år	14,7	20,8	20,3	prosent	
	2 Innvand. og norskf. med innv. foreldre	20,9	16,3	21,0	prosent	
Livetår	3 Barn i fam. m/vedvarande låg inntekt	14	9,3	11	prosent	
	4 Barn i familiar som mottek sosialhjelp	6,5	4,5	6,3	prosent	
	5 Bur trangt, 0-17 år	17	18	18	prosent	
	6 Barn med barnevernstiltak, 0-17 år	4,9	3,3	3,5	prosent	
	7 Unge som står utafør, 15-24 år	5,0	7,0	7,6	prosent (a,k)	

Kjelde: Folkehelseinstituttet

Likevel skal vi merke oss punkt 3: Barn i familiar med vedvarande låg inntekt (dvs. at den gjennomsnittlege inntekta i ein treårsperiode er under 60% av median hushaldsinntekt i Noreg) – her har Hyllestad ein prosent på 14, medan fylkesnivået er 9.35 og landsnivået 11%.

Tal frå KS viser at 12% av alle barn i Noreg lever i familiar med låg inntekt.

Folkehelsebegrepet og -perspektivet

Helsedirektoratet sin definisjon av folkehelsearbeidet er «samfunnets innsats for å påverke faktorar som fremjar befolkningas **helse og trivsel**, forebygge sjukdom skade eller liding, beskytte mot helsetruslar og arbeid for en jamnare fordeling av påverknadsfaktorar». Folkehelsa påverkar forholdsvis alle samfunnsområde i kommunen. Det vil vere viktig å få ei oversikt over helsetilstand og påverknadsfaktorar som motverkar sosial ulikskap i Hyllestad. Dette inkluderer òg å jobbe aktivt for å nå likestilling for personar med nedsett funksjonsevne (CRPD). Fokuset på folkehelse vert satt som eit eige hovudtema i samfunnsdelen av kommuneplanen.

Folkehelsa i Hyllestad kommune er generelt bra og stabil med ein relativt frisk befolkning. Helsetilstanden til befolkninga er prega av lite antibiotikabruk, ~~og ein relativt frisk befolkning~~. men er òg prega av ein del muskel og skjelettproblem - som elles i fylket og landet. Det er registrert inaktivitet, vekt og fedmeproblem blant 20% av 17- åringane, noko som kan auke insidensen for livsstilssjukdommar over tid.

Når det gjeld helserelatert åtferd seier folkehelseprofilen lite pga. anonymisering. Men det er all grunn til å vere oppteken av kosthald, vekt og aktivitet i barne- og tidleg ungdomspopulasjon. I tillegg kan det vere verdt å sjå nærare på utsette grupper på same måte, for eksempel dei som bur aleine, dei med sjukdommar jfr. lågterskeltilbod og tilrettelegging – førebygging i tida fram til alderdom må starte før problema har oppstått, utan at vanlege aldersforandringar vert definert som symptom som skal behandlast.

Ferske tal frå Ungdata viser god/veldig god livskvalitet. Likevel skal vi vere observante på trivsel på skulen, rapportert frå 10.klasse. I Elevundersøkinga viser det tydeleg at motivasjonen for skularbeid fell utover i skuleløpet, og særleg mot slutten av grunnskuleløpet.

Det er i Ungdata litt uro for framtida å spore blant dei unge. Så godt som alle gjev foreldra innsikt i kor dei er og kven dei er saman med. Dei er mykje saman med foreldra. Vedvarande over landsgjennomsnittet i gjennomføring av vidaregåande skule, med ein gjennomføringsgrad på 86%.

Vi ser at det er ein høg del av befolkninga i Hyllestad som leiger bustad. I følgje data analysert av SSB er leigetakarar i alderen 20 til 67 år, mindre fornøgd med livet enn bustadeigarar. Leige av bustad er forbunde med lågare opplevd livskvalitet for personar med og utan barn - spesielt for personar som leige seinare i livet. Personane som leige bustad har oftare levekårsproblem, dårlegare bu-forhald, er økonomisk vanskelegstilt og har mindre tilhøyrslse til bustaden, samanlikna med bustadeigarar.

Utanforrekneskapen

Sjølv om gjennomføringa i vidaregåande skule er på heile 86% i 2024, og over år held seg stabil og over landsgjennomsnittet, skal vi vere merksame på dei unge som likevel står utanfor utdanning, arbeid eller arbeidstrening.

Vi kjenner til risikofaktorane som kan gjere barn og unge sårbare.

Det er barn i låginntektsfamiliar (norskfødde med innvandrareforeldre, eller der ein/begge foreldra mottek uføretrygd eller økonomisk sosialhjelp). Det er barn med hjelpetiltak i barnevernet, barn av foreldre med diagnosar innanfor psykiske lidingar eller rusmiddelproblem, somatiske plager, eller barn som sjølv er diagnostisert med t.d. depresjon/angst eller åtferdsvanskar.

Dei har ofte mangel på relasjonar og rapporterar på låg sjølv- og meistringkjensle.

Vi veit at barn med få sosioøkonomiske ressursar deltek sjeldnare i organiserte fritidsaktivitetar enn dei med mange ressursar. Utanforskapet kjem blant anna til syne fordi desse barna i mindre grad enn andre har høve til å delta i aktivitetar grunna svak økonomi.

Det vert og opplevd i møte med systemet at det er sprik mellom behov og tiltak og tenester.

Utanforrekneskapen utvikla av KS er ein budsjettøkonomisk modell som bereknar lønsemda i å investere i førebyggjande tiltak, kopla til desse målgruppene.

<https://www.ks.no/utenforregnskapet>

Innsatsfaktorar

Sosial støtte, gode relasjonar og sosial deltaking er viktig for god livskvalitet.

Vi veit at viktige arenaer for førebygging av utanforskap er barnehage, skule, organiserte fritidsaktivitetar og tilrettelagde møteplassar der barn og unge kan møtast.

Vi må sikre inkludering og førebyggje mobbing i barnehagen, på skulen, i fritida og på nettet. Sikre at det finns tilgjengelege fritidsaktivitetar og sosiale arenaer for alle. Må sikre at barn og ungdom frå familiar med færre ressursar og får eit tilbod.

Butilhøve, aktivitet, vekt og kosthald er sentrale faktorar innan folkehelse. Innsatsen i barneåra har stor betydning for vanar inn i puberteten og vaksenlivet.


Målsetjinga må vere å i fellesskap legge eit godt fundament for eit godt kvardagsliv i Hyllestad. Vi må understøtte utviklinga av robuste barn og unge i samarbeid mellom foreldre og offentlege tenester.

Aktuelle tiltak:

- Frisklivissentral
- Finansieringsordningar for å eige bustad
- Finansielle ordningar for å kjøpe, tilpasse eller refinansiere helsefremjande og fleksible bustadar
- Utnytte kapasiteten til institusjonskjøkkenet – mat til åleinebuande
- Understøtte frivillige lag og organisasjonar – få fram fleire lågterskeltilbod
- Foreldrerettleiing
- Møteplassar
- Fleirfagleg, tidleg innsats når det trengs, til den/dei som treng det

Næringsliv og sysselsetting

Den klart største arbeidsplassen (viss ein ser vekk frå kommunen) er skipsverftet i Leirvik. I 2023 fekk verftet nye eigarar og heiter no Tersan Havyard. I figuren under ser vi korleis verftet gjekk frå over 200 fast tilsette i 2019 til ca. 70 i 2023 før dei etter planen skal opp att til ca. 250 tilsette i løpet av eit par år. Tersan Havyard er hjørnesteinsverksemda i Hyllestad og slike store svingingar som vi har sett dei siste åra påverkar heile Hyllestadsamfunnet. Signala om vekst i ein slik storleik skapar behov for bustader og det vil truleg føre til større behov for kommunale tenester som barnehage og skule, så sant nyttilsette vel å busetje seg i kommunen.



Dei tre siste åra ser vi det største søyla utgjør tilsette innan helse- og sosialtenester, vi ser også at det er mange som jobbar innan jordbruk, skogbruk og fiske. I praksis betyr det at akvakultur er ei stor næring i Hyllestad. Vi veit at det er færre som livnærer seg innan jordbruk og skogbruk.

Havbruksnæringa i regionen ligg i raud sone og får ikkje vekse om ikkje innovasjonen er retta mot miljø. Næringa må jobbe for FOU (forskning og utvikling) konsesjon for oppdrettsanlegg. Havbruksfondet genererer framleis inntekter til kommunen og lokalitetskapasitet registrert i akvakulturregisteret er styrande for kommunen sin del av auksjonsmidlane.

Natur, miljø, klima og samfunnstryggleik

Det har blitt eit større fokus på samfunnstryggleik, og kommunen er i gang med å oppdatere den overordna heilskaplege ROS analysen. Usikkerheit innan sikkerheitspolitiske spørsmål og klimaendringar er noko av grunnlaget for å gjennomføre ein overordna ROS analyse på nytt. Det er m.a. større fokus på kritisk infrastruktur som leveranse av kraft, nettilgang, drikkevatt m.m.

Samfunnsdelen omtalar naturmangfaldet i kap. 4.1.4, og miljø, klima og sårbarheit i kap. 4.1.5. Det er tre område som blir trekt fram i høve samfunnstryggleiken:

- auka nedbør gjev større risiko for vegstengingar på grunn av ras eller vekkrenning
- auka havnivå truar sjønær bebyggelse og infrastruktur
- ekstremvær som truar spesielt straum- og telenettet.

Kunnskapsgrunnlaget vil gi indikasjonar på korleis Hyllestadsamfunnet kan tilpasse seg naturfare i eit endra klima. Det gjeld m.a. avsetting av forebyggande areal og ein heilskapleg forståing av krinsløpet til vatnet (PBL § 3-1 g og i).

Norge har slutta seg til 2030 agendaen til FN, og dei 17 berekraftsmåla. Måla skal fremje ei sosial, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. FN sine berekraftsmål er ikkje særleg godt forankra i samfunnsdelen, men vert lagt større fokus på gjennom revisjonsarbeidet av samfunnsdelen.

Vurdering av planbehovet

Kommuneplanen sin samfunnsdel

Gjennom politkarverkstader i mai og juni 24, så er det gjort vurdering av samfunnsdelen, og signala er at den bør reviderast. Ein ser behovet for å prioritere slik at samfunnsdelen gir ein tydelegare retning. Det er også behov for å ta inn FN's berekraftsmål, samt ulike forventningar både frå nasjonalt og regionalt nivå.

Med bakgrunn i nye lokale prioriteringar, nye føringar frå nasjonalt og regionalt hald, medverknad og forankring i politkarverkstader, **vil kommunedirektøren tilrå å revidere samfunnsdelen med planoppstart i oktober 2024.** Det vert tilrådd at ein arbeider med alle dei 7 tema i samfunnsdelen frå 2018.

Det er utarbeida fleire planar sidan vedtak av førre samfunnsdel. Desse må i den grad dei er føremålstenlege, også innarbeidast eller leggest til grunn for revisjonen.

Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen sin arealdel er ikkje fullført slik planstrategien for 2021-2023 la opp til. Arbeidet har dratt ut i tid og det er framleis ein del som står att, m.a.:

- Vurdering av alle eldre reguleringsplanar.
- Nye aktuelle innspel innkomne etter høyring
- Vurdering av eksisterende areal videreført frå tidlegare plan
 - Masseuttak
 - Akvakultur
 - Bustad, fritidsbustad, etc.

- Revidering av føresegner

Målet er å bli ferdige med resterande arbeid hausten 24 og at den vert lagt fram for 2. gongs handsaming vinter 24/25 med endeleg handsaming våren 25. Det vert likevel tatt omsyn til prioritering av samfunnsdelen, før arealdelen ferdigstillast.

Kommunedelplanar

Kulturplan (inkludert plan for idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet)

Kulturplanen vart vedteken i 2022 og har som visjon: «Mangfaldig kulturliv med tilbud for alle!» Visjonen følgjer opp kommunen sin visjon om å vere inkluderande og attraktiv og signaliserer at kommunen ønskjer å sikre inkludering gjennom eit mangfaldig kulturtilbod. Planen skal reviderast i 2025 og handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Helse- og omsorgsplan 2022 – 2030

Planen vart vedteken i 2019 og inneheld eit handlingsprogram som går ut 2025. Det er derfor naturleg å revidere planen heilt i 2025 i samband med rulling av handlingsprogrammet.

Temaplanar

Bustadplan, inkludert bustadsosial handlingsplan.

Det er behov for ein overordna bustadplan som også tek i vare den lovpålagde bustadsosiale handlingsplanen. Ein slik overordna plan må vere langsiktig og kunne sette mål/handlingsplan for bustader til alle aldersgrupper. Det er sett i gang forprosjekt som skal få på plass eit godt kunnskapsgrunnlag for ein overordna plan. Forprosjektet ser også på faktorar som kan vere med å auke bustadattraktiviteten i Hyllestad.

Trafikktryggingsplan 2022 - 2030

Trafikktryggingsplanen vart vedteken i 2022 der målet var at Hyllestad skulle bli sertifisert som ein trafiksikker kommune av Trygg Trafikk. Ei slik målsetting innebar at kommunen skulle innfri krav for ei rekkje kriterium. Status er at dette arbeidet er utført og kommunen har oppnådd status som trafiksikker kommune. Handlingsprogrammet for 2022-2025 skal rullerast i 2025. Kommunestyret har vedteke at vegplan og trafikktryggingsplan skal slåast saman. Dette arbeidet er starta opp og ein revidert plan vert lagt fram hausten 2024.

Plan for oppgradering og vedlikehald av kommunale vegar 2020 – 2023

Planen vart vedteken i 2020 og skal reviderast i 2024. Revidert plan vert slått saman med trafikktryggingsplan, jamfør vedtak for trafikktryggingsplanen. Arbeidet er starta opp og kjem for politisk handsaming hausten 2024.

Overordna ROS

Med grunnlag i heilskapleg ROS-analyse skal kommunen utarbeide plan for samfunnssikkerheit og beredskap.

Revisjon av ROS er pågåande og vert fullført våren 2025.

Overordna beredskapsplan

Planen skal sikre at kommunen vurderer og planlegg samfunnssikkerheit og beredskap i eit heilskapleg perspektiv. Planen vil bidra til god tverrsektoriell og samordna handtering av ønska hendingar. Det er krav om revisjon i tråd med plan og bygningslova og reviderast kvar valperiode.

Beredskapsplanen omhandlar hendingar som gjer det naudsynt å mobilisere kriseleiinga. Planen skal avklare ansvar og roller, samt gje oversyn på ressursar, evakueringsstader m.m. Overordna beredskapsplan skal oppdaterast fortløpande av kommunedirektøren, og med politisk vedtak kvar valperiode. Planen vart oppdatert og vedteken i juni 24

Hovudplan for vatn og avløp

Dette er fyrst og fremst ein teknisk oversiktsplan som skal vise status på infrastrukturen og behov for utvikling/fornyining, også sett i samheng med nye utbyggingsområde fastsett i arealdelen. Viktig styringsdokument for politikarane og grunnlag for løyvingar i budsjettarbeidet.

Forventa vedtak i 2024.

Energi, klima, miljø og naturmangfaldsplan

Kommunen har ikkje hatt ein eigen plan for energi, klima, miljø og naturmangfald. Ein har i dag meir og betre informasjon om temaa og korleis klimaet og miljøet har utvikla seg, og kva tiltak kommunar bør iverksette for å imøtekomme dei overordna måla. FNs berekraftsmål må innarbeidast og tiltak innan energi har blitt meir aktualisert.

Oppvekstplan (på tvers av helse og oppvekst)

Arbeidet vart starta opp med utgangspunkt i barnevernsreforma. Det er utarbeidd ein felles overordna plan med nabokommunane Askvoll, Fjaler og Solund. Det skal arbeidast vidare med lokal plan for Hyllestad. Forventa ferdigstilling og vedtak i 2025.

Kulturminneplan 2021 - 2024

Kulturminneplanen skal vere ein reiskap for å sikre at eit mangfald av representative kulturminne i Hyllestad, blir gjort kjent og ivaretatt. Kulturhistoria vår i eldre og nyare tid, skal vere ei kjelde til kunnskap, oppleving og verdiskaping, og på denne måten vere med å danne grunnlag for ei positiv identitetskjenne til Hyllestad.

Planen vart vedteken i 2021 og skal reviderast.

Plan/mål for forvaltning av hjortevilt 2022 - 2025

Planen skal setje mål for hjorteforvaltninga i Hyllestad. Forvaltninga skal vidare sikre ein bestandsstorleik som ikkje fører til uakseptable skader knytt til skogbruk, jordbruk, trafikk og andre samfunnsinteresser.

Planen vart vedteken i 2022 og skal reviderast i 2025.

Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Planen vart vedteken i 2016 og det er behov revisjon.

Arbeidsgjevarstrategi

Arbeidet vart starta opp i 2022. Forventa vedtak hausten 2024.

Prioritering av planoppgåver 2024 – 2027

Tabellen syner planar som skal prioriterast og tidsplan for revisjon/utarbeiding av ny plan.

Plantype	Namn og kort skildring	Vedtatt	2024	2025	2026	2027
Kommuneplan	Kommuneplanen sin samfunnsdel, revisjon	2018				
Kommuneplan	Kommuneplanen sin arealdel, ferdigstilling	2009				
Kommunedelplan	Kulturplan 2022 – 2025, revisjon (inkluderer prioritert handlingsprogram for fys. Akt. Og friluftsliv. m.m.)	2022				
Kommunedelplan	Helse- og omsorgsplan 2020 – 2030, rullering av handlingsprogram 2020-2025	2019				
Temaplan	Bustadplan – inkludert bustadsosial handlingsplan	2015				
Temaplan	Trafikktryggingsplan (slå saman med vegplan)	2022				
Temaplan	Vegplan for kommunale vegar (slå saman med trafikktryggingsplan)	2020				
Temaplan	Vedlikehaldsplan kommunale bygg og anlegg	Ny				
Temaplan	Overordna ROS	2018				
Temaplan	Overordna beredskapsplan	2024				
Temaplan	Hovudplan vatn og avløp	Ny				
Temaplan	Energi, klima, miljø og naturmangfaldsplan	Ny				
Temaplan	Oppvekstplan (på tvers av helse og oppvekst)	Ny				
Temaplan	Kulturminneplan, revisjon	2021				
Temaplan	Overordna plan for forvaltning av hjortevilt, revisjon	2022				
Temaplan	Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2016				
Temaplan	Arbeidsgjevarstrategi	Ny				
Reguleringsplanar	Detaljregulering Åfjorden båthamn, (privat reguleringsplan som HK har tatt over)	Ny				
Reguleringsplanar	Områdereguleringsplan for Hyllestad sentrum (vedtatt i førre planstrategi, men er ikkje gjennomført)	1999				
Reguleringsplan	Detaljreguleringsplan for Myklebustlia	Ny				

Reguleringsplan	Omregulering Salbu bustadfelt	2004				
Reguleringsplan	Detaljreguleringsplan for Staurdalen (utviding av miljøstasjon og utvikling av næringsområde)	Ny				

Planprogram for revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2025 - 2035

I Plan- og bygningslova (PBL) står det at alle kommunar skal ha ein kommuneplan bestående av ein samfunnsdel med handlingsplan og ein arealdel. Samfunnsdelen beskriv langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Hyllestadsamfunnet som heilheit. Den bør innehalde ein skildring og vurdering av alternative strategiar for utviklinga i kommunen. Samfunnsdelen skal vere grunnlag for sektorane sine planer og verksemd. Den skal gje retningsliner for korleis kommunane sine eigne mål og strategiar vert gjennomført i den kommunale verksemda og gjennom medverknad frå offentlege organ, og samfunnsaktørar elles. Arealdelen beskriv hovudtrekka i arealdisponeringa, og gir rammer og vilkår for nye tiltak som kan settast i gang.

Samfunnsdelen vart vedteken i 2018, medan arealdelen endå ikkje er vedteken. I framlegg til planstrategi foreslår kommunedirektøren at det vert gjennomført revisjon av samfunnsdelen og at både arealdel og ny revidert samfunnsdel vert handsama i 2025.

For alle overordna planar skal det utarbeidast og vedtakast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet, jmf §4-1 i PBL. Planprogrammet skal gjere greie for formål med planarbeidet, planprosessen med fristar, medverknad, alternativ som blir vurdert og behov for utgreiingar. Planprogrammet skal sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn samtidig som ein varslar oppstart av planarbeidet. Endeleg utkast til planprogram fastsettast av kommunestyret etter at det har vore lagt ut til offentleg ettersyn i minst 6 veker.

Føremål med planarbeidet

Arealstrategi

Det skal utarbeidast ein arealstrategi i samband med samfunnsdelen, som skal leggje føringar for kommuneplanen sin arealdel. Den skal omtale plassering av framtidige utbyggingsområde som ikkje er i konflikt med t.d. naturfare. Tilhøyrande mål for utbygging og tiltak skal vurderast i.h.t. lokale forhold og ROS analyse.

Samfunnsdelen

Med bakgrunn i nye føringar frå nasjonalt og regionalt hald, medverknad og forankring i polititarverkstader, så ser ein behov for ein mindre revisjon der ein bør freiste å gje tydelegare retning for utvikling av Hyllestadsamfunnet. Det vert tilrådd at ein arbeider med 6 tema i samfunnsdelen, med eit større gjennomgåande fokus på FNs berekraftsmål.

Vi er ein del av eit samfunn i endring. Dette påverkar også lokalsamfunnet i Hyllestad, der vi kjenner på utfordringane innan klima, miljø, natur, matvaretryggleik, migrasjon, demografi og sentralisering. I

tillegg har ein lokale utfordringar knytt til mellom anna rekruttering, samferdsle, mangel på bustader og sårbart næringsliv. Men vi ser også mange mogelegheiter som til dømes frivilligheita, industri i vekst og eit sterkt havbruksmiljø.

Vi ser av det lokale utfordrings- og mogelegheitsbildet som er synleggjort i arbeidet med kommunal planstrategi, at det bør gjerast justeringar i samfunnsdelen innanfor 6 hovudtema:

1. Sentrum- og bygdeutvikling
2. Natur, miljø og klima
3. Kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv
4. Folkehelse
5. Infrastruktur
6. Næring og verdiskaping

Justeringar og fokusområde under kvart hovudtema er basert på innspel frå høyringsperioden og møte i Plan og Samfunn 29/10/2024. Dette er lagt inn som notat for vidare arbeid med samfunnsdelen.

1. Sentrum- og bygdeutvikling

Tydlege satsing på bygdene i kommunen. Ei positiv bustadutvikling er avhengig av moglegheita for å busetje seg i heile kommunen. Ein viktig faktor for bygdeutvikling er at folk får busette seg der dei føler tilhøyrse.

Tydlege satsingar og mål på sentrumsutvikling i Hyllestad- nærliggande skule og idrettshall. Kommunen har og den høgaste prosentdelen av elevar med rett til skuleskyss i Vestland grunna avstand. Dette skuldast at under 10 % av innbyggjarane har under 5 km i avstand til skulen. Satsinga på konsentrasjon av bustader, tenester og aktivitetar rundt sentrumsområde i Hyllestad vil ha stor betydning for vidare utvikling i kommunen. Attraktive møteplassar og kort avstand til daglege gjeremål vil ha positiv innverknad på mobilitet og val av reisemiddel, samt folkehelse og trivsel. Særleg vil deltaking i kvardagsaktivitetar for dei utan tilgang på eigen bil bli enklare når avstandar vert redusert.

Aldersvennleg samfunnsplanlegging, universell utforming og møteplassar.

Kommunen har eit pågåande bustadprosjekt med mål om å identifisere bustadtrensel og tilpassingar i kommunen.

2. Natur, miljø og klima

Kartlegging av ein funksjonell strandsone med tydelege mål og strategiar når det gjeld arealbruk, natur og miljøvern - i forbindelse med arealdelen.

Problematikken og ein kommunal tiltaksplan rundt marint forsøpling tilpassa lokale forhold. Tilrettelegging av god avfallshandtering.

Bruk av Klimaprofil for Sogn og Fjordane gir eit kortfatta samandrag av klimaet, forventa klimaendringar og potensielle klimautfordringar i Hyllestad kommune.

Klimaomsyn gjennom reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til forventa klimaendringar i.h.t mål om nullutsleppsamfunnet.

Prioriteringar innanfor samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

3. Kultur, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv

Vidare planarbeid inkludera innspel frå barn og unge sine synspunkt, ynskje, behov og inkludering på egne premissar – ved bruk av registreningsverktøyet «barnetråkk».

Kulturplan 2022 – 2025 skal reviderast i 2025 og Kulturminneplan skal reviderast i 2024.

Fokusere på å ivareta Hyllestad sitt særpreg og identitet.

Tilgang til gode friluftsområde.

4. Infrastruktur

Sikkerheitstiltak i planlegg- og utføringsfasen. Vurdering av vekstnæringar som treng velfungerande logistikkøysingar, gode areal og eit godt samspel med omgjevnadene, òg samspelet mellom sjø og land. Bruk av karttenesta og verktøyet «kystinfo» i planleggingsfasen.

Tilgang til båtplassar i kommunen, tilrettelegging for småbåthamnene.

Prioritere tiltak som kommunalt tilrettelagte bustadområde, idrettsanlegg, eller andre føremål som er publikumsretta. Etablere tiltak der det allereie er infrastruktur som sikra trygg skuleveg og trygg tilkomst til viktige målepunkt med fokus på barn- og unge, vaksne og eldre. Prioritere næringstiltak nær eksisterande infrastruktur.

Gode hovudferdselsåre gjennom kommunen, t.d. fylkesveg 57 og 607.

5. Folkehelse

Barn og unges oppvekstvilkår vert lagt inn som eit særskilt satsingsområde.

6. Næring og verdiskaping

Næringa skal kunne ta i bruk samfunnsdelen som eit kunnskapsgrunnlag i sine aktivitetar. Skal inkludere konkrete satsingar som kommunen ynskjer å legge til rette for med tilhøyrande mål og visjonar - som føre til reell auke, utvikling og verdiskaping.

Fiskeri- og akvakulturnæringa er stor i Hyllestad og samfunnsdelen bør ha klare og føreseielege strategiar og mål for næringa. Det krevje å sikre god medverknad frå lokalsamfunnet og næringsliv i planarbeidet for å få å skape tilhøyrse til planen.

Landbruket er ei viktig næring i Hyllestad og viktig for kulturlandskapet og kystlyngheia.

Utarbeiding av mål og strategiar knytt til skipsverftet Tersan Havyard. Hjørnebedrifta påverkar kommunen i høg grad.

Mineralførekomst, masseforvaltning og moglegheit for ombruk bør verte vurdert og målt opp mot landskapsverdiar og andre allmenne interesser.

Regional forventning: Grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn, areal til næringsutvikling og kompetanseutvikling i næringslivet.

Pågåande prosjekt innanfor besøksforvaltning. Hyllestad har eit særleg føremon knytt til naturbasert reiseliv. For ein berekraftig utvikling innan reiseliv er det viktig med eit godt samspel og interesseavveging mellom dei vitjande og innbyggjarane.

Utvikling av eit robust lokalsamfunn: samhandling og samarbeid mellom kommunen, private aktørar og frivilligheita er vesentleg.

Næringsarena og samarbeid på tvers av kommunegrensene. Interkommunalt næringsnettverk og synergjar.

Vidare arbeid

Kommunen har utarbeidd eigen kommunedelplan for kultur og det er sett i gang utgreiingsarbeid (forprosjekt) som skal gi betre kunnskapsgrunnlag for bustadbygging. I tillegg har det kome nye regionale planar som til dømes regional plan for vassområda, kulturplan, temaplanar for landbruk og reiseliv. Utviklingsplan for Vestland 2024 – 2028 vart nyleg lagt ut på høyring. Alt dette legg føringar for revisjonen for samfunnsdelen. Men, det er viktig å ha med seg at kommunal planlegging skal tilpassast behovet og gjerast enklast mogeleg! Det er eit viktig prinsipp i ein liten kommune.

Dei siste åra har det blitt eit sterkare fokus på energi og klima. Ord som kraftkrise og klimakrise blir brukt oftare, og forventningane til kommunane er store. Det bør derfor utarbeidast ein eigen plan for energi, klima, miljø og naturmangfald. Dette er lagt inn som ny plan i planstrategien, men også eit tema som i større grad skal drøftast under revisjon av samfunnsdelen.

Det same gjeld tema som rekruttering og demografi. Under politkarverkstadane har det blitt peika på nokre område som må drøftast på nytt og som bør få ei sterkare satsing i revidert samfunnsdel. Det gjeld oppvekst, med tydelegare satsing på barn- og unge, busetnad og sentrumsutvikling, energi og klima, næring og samferdsle m.m.

Politikarane har medverka i utarbeiding av høyringsutkast til planstrategi og planprogram, men det er grunnleggande viktig at det blir brei involvering i arbeidet med revisjon av samfunnsdelen. Involvering gir eigarskap, og ein god samfunnsplan blir eigd av oss alle. Vi må stake ut retninga i lag og bidra i breidda for å utvikle Hyllestadsamfunnet best mogeleg og til glede for oss alle.

Framdriftsplan, prosess og medverknad

Tidspunkt	Aktivitet
Juni 24	Planstrategi inkludert planprogram vert lagt ut på høyring i 6 veker, politisk vedtak i Plan og Samfunn 24.06. Varsel om oppstart
Aug – okt 24	Handsaming av innspel, drøfting i leiargruppa og Plan og Samfunn (27.08.24) Revisjon av planstrategi/planprogram Vedtak av planstrategi/planprogram, Plan og samfunn 24.09. og kommunestyret 17.10.
Okt – jan 25	Drøftingar i leiargruppa/Plan og Samfunn Medverknadsprosessar gjennom opne folkemøte, med lag og organisasjonar, HNR/havbruksgruppa/reiselivsgruppa,
Februar/mars 25	Politisk handsaming før høyring, Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet, Plan og Samfunn og Kommunestyret
Mar – apr 25	Høyring etter PBL § 11-14 Møte i eksisterande fora, vurdere folkemøte og digital medverknad
Mai – jun 25	Handsaming av innspel Drøftingar i leiargruppa og Plan og Samfunn



	Revisjon av høyringsframlegget Utarbeiding av politisk sak og vedtak Rådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne, Ungdomsrådet, Plan og Samfunn og Kommunestyret Publisere
Aug 25 >	Implementering og gjennomføring

Det er ikkje planlagt å få utført eksterne utgreiingar eller bruk av ekstern konsulent. Dersom det blir aktuelt så vert det freista løyst gjennom Hyllestad vekst (vekstprosjektet), eller at ein eventuelt set fram ei eiga løyvingssak.

Føringar for arbeidet

Sjå føringar som er skildra i planstrategien 2024-2027, dei gjeld også for revisjon av samfunnsdelen.

Hyllestad 19.06.24

Gjermund Flage

Kommunedirektør